

---

**Fra:** Anne Sofie Nergård Uthaug <au887@kyrkja.no>  
**Sendt:** tirsdag 4. desember 2018 11:02  
**Til:** Marianne Aadland Sandvik  
**Emne:** Mellombels brakke/modulbygg ved Meland kyrkje.

Vi vurderer å setje opp ei brakke for å skaffe den plassen vi sårt treng til søndagsskulen i kombinasjon med dåpsfolk, så lenge vi ikkje har fått oss ny kyrkje. Vi kjem også til å ha bruk for den som lager no i vinter i samband med at heile kyrkjerommet må takast ut av bruk for å skifte ut varmeanlegg og pusse opp golvet og lakke på nytt. Viss vi også klarer å få økonomi til å få realisert opp-pussing av tilbygget i åra framover, vil ei mellombels løysing medan opp-pussinga pågår også vere svært viktig.

Det er ikkje så mange timar i ei veke det skal opphalde seg folk i denne brakka – to-tre timar på søndagane, kanskje nokre få timar ellers i veka.

Brakka er tenkt plassert på parkeringsplassen ved sida av tilbygget. Kor stor ho blir veit eg ikkje enno, men på størrelse med eitt klasserom, vil hjelpe på. Det er ikkje behov for andre tekniske innretningar enn straum. VVS klarer vi oss greit med tilbygget.

Det er sjølv sagt ideelt med samanbygging med det eksisterande tilbygget, men viss det gjer realiseringa vanskelegare, er det ikkje viktig nok.

Eg hugsar ikkje heilt rett når eg snakka med deg i stad: Det eine spørsmålet gjeld både kor lang periode vi kan få lov å setje opp eit slikt bygg for. Og det andre spørsmålet er kva standard som blir krevd. Og om det er ein samanheng mellom dei to?

Med venleg helsing

Anne Sofie Nergård Uthaug  
Kyrkjevevje i Meland  
Tlf 56171485  
Mobil 40462647